

## Hopp og sprett på klubbstemne

Kristi Himmelfartsdag arrangerte Volda rideklubb både internt og utvida klubbstemne i spranriding.

Fem klubbar var invitert til å sende deltakarar til det utvida klubbstemnet, men på grunn av kort påmeldingsfrist vart det berre ein tilreisande ekvipasje denne gangen. Katarzyna Zdanowicz og Fjølestaens Cindy kom reisande frå Hareid for å ta del. Elles kom alle deltakarane frå arrangørklubben. Flest startande var det på det interne klubbstemnet, der heile elleve deltakarar var påmeldt i «Bom på bakken». Dette var ei rekrutteringsklasse for klubben sine yngste medlemmar, der dei som ikkje disponerte eigen hest fekk låne privathestar med rideklubben. Alle deltakarane fekk sløyfe og gåvopremie for innsatsen. På det utvida klubbstemnet var hindera høgare, og deltakarane eldre. Det vart ridd mange feilfrie rundar, som vart belønna med sløyfer. Sjølv om vêret var ruskete på morgonkvisten, var det opplett under heile arrangementet.

Dette stemnet var ei «generalprøve» til det kommande distriktsstemnet i spranriding som går av stabelen 15.-16. juni. Då er det venta ekvipasjar frå heile fylket, samt Nordfjord, til start.

- Styret i VRK-

### Resultatliste UK sprang 30.05.19

50 cm CR

1. Katarzyna Zadanowicz – Fjølestaens Cindy 4

60 cm CR

1. Anna Wangen Mork – Årheims Sonja CR

1. Ida Kristine Standal Eikrem – Heidrid CR

1. Edina Heltne – Bakkens Odin CR

-. Katarzyna Zadanowicz – Fjølestaens Cindy 4 / EL

70 cm CR

1. Ida Kristine Standal Eikrem – Heidrid CR

1. Anna Wangen Mork – Årheims Sonja CR

80 cm

-. Randi Mork – Bakkens Odin EL

### Resultatliste K sprang 30.05.19

Bom på bakken/20 cm

1. Oline Krøvel – Årheims Sonja CR

1. Andrea Brekke Mathiesen – Bakkens Odin CR

1. Karin Hurlen Vatnehol – Linndi Nordgard CR

1. Live Aam – Heidrid CR

1. Andrine Hjelle – Goldy CR

1. Julie Mathea Høgalmen – Linndi Nordgard CR

1. Emma Mariell Høgalmen – Heidrid CR

- 1. Sophie Madelen Høgalmen – Årheims Sonja CR
- 1. Hedda Grønli – Bakkens Odin CR
- 1. Anna Nedrelid Vatne – Goldy CR
- 1. Matheo Aambø – Linndi Nordgard CR

40 cm CR

- 1. Alet Rotevatn – Goldy CR